

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.05.2015

Aud Karin Oen sette fram slikt forslag:

"Tillegg:

Fylkesutvalet viser til klimaforliket og ber om at ordninga vert styrkt monaleg om fylkeskommunen skal vera i stand til å nå måla som Stortingsfleirtalet er einig om."

Røysting

Innstillinger vart samrøystes vedteken.

Oen sitt forslag fekk 6 røyster (SV, Sp, A) og fall.

Vedtak

1. Fylkesutvalet viser til brev frå Samferdselsdepartementet, 26. mars 2015, om auka løyving til belønningsordninga i 2015, og søker med dette om ekstra midlar 2015 til finansiering av følgjande tiltak:

Prioritet	Prosjekt/tiltak	Søknad om finansiering
1.	<ul style="list-style-type: none">• Styrking av kollektivtransporttilbodet i samband med innføring av tidsdifferensierte satsar i Bergen• Ytterlegare styrking av kollektivtransporttilbodet i Bergensområdet	35 mill. kr 10 mill. kr
2.	Framkomsttiltak for Buss – Hesthaugvegen i Åsane bydel	7 mill. kr
3.	Sykkelbyavtale Bergen – styrka satsing på haldningsskapande arbeid retta mot barn og unge	2 mill. kr
4.	Tiltak etter sykkelveginspeksjon	5 mill. kr
5.	Haldeplassar og ventefasilitetar i Bergen sentrum	6 mill. kr
Sum søknad ekstraløyving belønningsmidlar 2015		65 mill. kr

2. Fylkesutvalet viser til innsendt søknad om ny belønningsavtale for perioden 2015-2018, og legg til grunn at tildelte midlar innanfor auka ramme i 2015 blir vidareført som eit tillegg i alle åra i søknaden for perioden 2015-2018.
3. Fylkesutvalet ser fram til ei rask handsaming av tidlegare innsendt søknad om ny belønningsavtale for perioden 2015-2018 og denne tilleggssøknaden for 2015, for at det kan setjast i gang førebuande arbeid med sikte på tidlegast mogleg realisering av dei omsøkte tiltaka i 2015.